



Vonheim var heilt fullsatt då basaren starta i ettermiddag med frisketonar av Celine Musland, Emma Ripel og Helena Myklebust

**Det var nesten berre ståplassar att då den tradisjonelle Vonheimbasaren starta i ettermiddag, og anslag stoppa på 90 besøkjamde! Dei kjøpte villig lodd, og styret kunne etter oppteljinga glede seg over ny rekord. Styreleiar Anne Grethe Sjo takkar alle som støtta opp og seier at dei 25.000 kronene kjem godt med til huset.**



Dei leia basaren med stor presisjon; Anne Grethe Sjø og Tor Ove Hauglandd

Basaren vart gjennomført på tradisjonell vis med åresal i fleire omgangar og matøkt halvvegs. Ein flink jentetrio opna med friske tonar.

Dei frammøtte kunne også nytta synet av store investeringar som er skjedd. Kjøkkenkroken nærmar seg fullføring, berre elanlegget står att, opplyste leiar Anne Grethe Sjø. Ho og dei andre eldsjelene har all grunn til å vera fornøgde med innsatsen til bygdefolket.



Kjøkkenkroken er riktig triveleg

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen





Nesten berre st plassar var att